

Romsa

Dei tre Romsøyane høyrer til naturperlene i Sunnhordland. Dette har mange av dei som ferdast med fritidsbåt, oppdaga. På øyane finst mange gode landingsplassar og lune vikar.



Haukelandstunet på Romsa i 1930-åra.

I dag er øyane dekte av skog. Dette er eit resultat av verksemda ved Romsa Frøplantasje som vart driven av «Det norske skogforsøksvesen» i tretti år, frå 1958.

I den tette skogen ligg spora etter ei lang søge om liv og levemåte på Romsa. Frå kaien kan du følgja den gamle vegen innover. Du passerer ein port, du ser steinmurar og tufter mellom trea, og best det er, står du midt i tunet på eit fråflytta bruk. Skogen stengjer for det som før var inn- og utmark, og for ei søge som fekk sin ende kring 1960.

I 1865 budde det 77 menneske her på øyane. Bruka var små og barneflokkane store. Frå skriftlege kjelder veit vi at det

budde folk her på 1500-talet. Romsa skal ha stått sentralt når det gjeld skottheandelen (⑦95), og kjeldene fortel at det var mykje skog her på den tida.

Folket livnærte seg av gardsbruk og fiske. Samarbeid og felleskap var naudsynt. Det har òg vore båtbyggjarverkstad på Romsa, og i førre hundreåret var fleire Romsafolk jekteskipparar i Nordlandsfarten (⑦104). Kristtornskogen har òg representert ei god attåttnæring. I 1920-åra vart det bygt skulehus, og midt på 30-talet fekk Romsa dampbåtstopp og brevhus.

I 1958 var det ni bruk på øyane, men etter kvart flytte folket inn til fastlandet. □

INNBJOA OG UTBJOA

Landhandlane på INNBJOA og UTBJOA høyrer til den yngre gruppa av handelsstader som voks fram etter liberaliseringa av handelslovgjevinga i 1842. Då vart handelsmonopolet til bergenskjøpmennene i realiteten oppheva. Samstundes kom det ein ny, viktig funksjon til i lokalsamfunnet – dampskipsstoppstaden med post og seinare telefon – etter kvart som den nye dampskipsferdsla skaut fart frå slutten av 1860-åra.

Namnet Bjoavågen fortel om god hamneplass, i livd for nordvesten. Etter Norske Gaardnavne kan Bjoa ha samanheng med gno. bjōd «bord, disk». – 10. juli 1872 var ein merkedag på Bjoavågen. For første gong kom den nye dampbåten til å gå oppunder Bjoalandet, jamvel om det korkeje var landhandel eller bakeri der. INGEBRIGT KOLBEINSEN var den første dampskipsekspeditøren på Utbjoa, og likeins den første postopnaren. Før det kom kai, måtte postopnaren borda dampen ute på vågen.

I 1888 fekk TOR BUO rutebåten «SØNDHORDLAND» til å stoppa for robåt utanfor Apalvik. Men etter kvart vart han lei av å liggja i Bjoafforden og venta på dampen. Under Eikhaugen på Innbjoa bygde han ei ny steinbryggje som det gjekk gjetord om. Seinare vart handelsstaden bygd ut til ei blomande handelsverksemd som var kjend over heile Sunnhordland. Poststaden på Utbjoa vart nedlagd i 1975, og i dag er det Innbjoa som er den mest sentrale handelsplassen. I ei av sjøbuene på kaien har eigaren innreidd ei «drøsestova» – eit kjærkome tiltak både for bygdefolk og tilreisande.



Det gamle eldhuset på Haukelandstunet på Store-Romsa.

«Vøringen» og «Søndhordland» ved kai på Innbjoa kring 1930.